



"Di va jo kjempeløgne"

Måndag var det andreklassingane sin tur til å ha morgonsamling i Aktivitetshuset . Som vanleg var alle elevane og lærarane til stades og i tillegg kom dei eldste ungene frå barnehagen. Det var også ein del foreldre og besteforeldre som stilte opp for å sjå kva dei unge og håpefulle kunne prestera denne gongen.

Morgonsamlinga hadde bygda vår som tema denne gongen. Elevane hadde kledd seg litt ut og hadde med seg ulikt utstyr som viste kva slags næringsliv det er i Uskedalen.

I tillegg hadde dei laga små tekstar med fakta om tilbod og atatraksjonar i bygda.

Det var ei koseleg stund og ein kommentar frå ein elev kan stå som overskrift: "Di va jo kjempeløgne dei der annanklassingane".

Dei var nøgde sjølv og, skriv nettsida til Uskedalen Oppvekstsenter.